

Originalen som foreina det uforeinlege

Ivar Mortensson Egnund var ein merkeleg mann og ein sann original, som lokka og skremte folk til standpunkt og ettertanke, og forsterka det radikale, til dels opprørske norske gemytt, med Nord-Østerdalen som særskilt utvalt praksisfelt.

Han var i sine yngre år tidstypisk som journalistisk litterat og i delvis harmoni med mange av sine forfatarvenner, men var samtid ikkje særleg tilpassingsvillig. Han endra standpunkt som eit klokt menneske må gjere ved ny kunnskap og djupare refleksjon, men skifta ikkje kappe etter vinden

Me kan kanskje, enda så paradoksalt det lyr, takke skjebnen for hans seige motstandsvilje. Det gjer han interessant for oss i dag. Døgnflugene, dei mest moterette, er for lengst døde, eventuelt oppbevart som museums-gjenstandar eller lagt på sprit. Han stod på sitt.

Me markerer 150-jubileet for ein original tenkjar, ein lærd litterat og ein vidløftig teolog, men mest av alt eit spennande kunstnargemytt og ein utfordrande diktar. Han ville vere frikar, fjellkar, og kalte seg i yngre år Savalguten. Ein festleg type. Kanskje til og med ein festkar, iallfall ein stor humorist, og sia me er inne i eit jubi-

leumsår skal eg ikkje gi meg til å skræme folk med alt det han også var. Han var anarkist, fortidsgranskar, ja verre, opplysningsmann og mystikar – kombinasjonen kan rive skjorta av eit moderne TV-menneske – antroposof, og dessutan, skulle ein ha hørt noe så gale – målmann og optimistisk østerdøl. Genial var han, hevdar kritikaren og lyrikaren Alf Larsen, – *”men man måtte jo være synsk for at oppdage ham”*, slik han skriv det i eit brev til meg.

Ivar Mortensson Egnund var eit snilt og rart og samansett medmenneske. *“Eg trur han var det mest fri-gjorde menneske eg har møtt, open for alt og alle, utan baktankar, utan vondt. Mykje av eit barn, og mykje av eit geni”*, seier Rolf Thesen. Han var på Einabu da Gammal-Ivar som han da vart kalt skulle fylle sytti år, i 1927. Dr.philos Rolf Thesen vart invitert til å sitte i biblioteket hans mellom bøkene og alle utklipp og hundretals artiklar. *“Ein av dei merkelegaste mennene som har levd her i landet”*, seier Thesen.

Ragnar Streitlien frå Folldal fortalte meg at Ivar Mortensson hadde vigd han og Rosa, kona hans, i 1933, og halde ei tale verken brur eller brudgommen forstod noe som helst av, anna enn at det var forunderleg fint sagt det pres-

ten formulerte. Ragnar Streitlien var ei tid lærar i Lyngen, og eingong han var på heimetrakter gjekk han innom på Einabu.

Folk i huset spurte korleis han som folldøl kunne trivast der nord – var det ikkje mørkt lange vinteren til endes? Bare månen. Det var det vel lite til lys. *Sei ikkje det*, spratt Ivar opp frå sin krok, han hadde lydd på praten, *sei ikkje det: Månen skine, sa han, og vegine falle so vide...* Me kjenner att orda frå Draumkvedet.

Ivar sat gjerne i skrivehytta si på Egg, rett opp for garden Einabu, eller i andre skrivehytter kringom, og arbeidde til matklokka varsla at no var maten på veg til bordet. Men eit måltid var ikkje berre mat. Song og visdomsord føre og etter maten. *“Ein vart liksom eit betre menneske der ein sat”*, skriv Thesen. Og legg til: *“Denne mannen var diktar i eitt og alt. Alle ting syntes skine annleis mot han enn mot oss andre, alt han såg hadde eit liv vi andre ikkje visste om. Han var synsk”*.

“At han ikkje sprengdes”, undras Thesen. *“Det var som han levde sterkare enn andre i alt han såg omkring seg, men og som han – samstundes – levde i Abrahams tid, i Eddatida og i folkevisetida.”* Men han var nok ikkje lett å forstå. Erling Gjelsvik, lektor på Røros, opplevde han to kveldar på rad, med foredrag i Bergstaden. Laurdagskvelden fortalte han frå *Den eldre Edda*. Brått gjekk han ut og vart borte ei god stund, sa ingenting før han gjekk. Folk bare sat der og såg på kvarandre. Så kom han innatt og heldt fram. *“Det måtte vel ha vore slik at han kom på noe han måtte tenkje ut i einerom”*, sa Erling Gjelsvik til meg.

Søndagskvelden snakka han om fredstanken – om å danne fredsringer. Burde ha kome frå dei store byane, hadde han sagt, men, la no snøballen rulle frå fjellet og ned!

Det er altså ikkje lettvinnt originalitet eg snakkar om. Djupe grublingar ofte, nesten så ein kan tru Ivar haka seg fast i tankerekkjer han måtte fullføre, innan ei ny kunne ta til.

Den kjente folkehøgskulemannen og forfattaren Sturla Brørs – han var 94 år og møtte i Levanger mållag i oktober 1984 da eg var der med eit foredrag – kunne berette for meg med stor entusiasme og ein viss undrande ironi at han eingong hadde hørt Ivar Mortensson Egnund halde eit to-timars foredrag bare om slektslista som opnar Bibelen, son av son av son, som i Første Mosebok, 4. kapitlet, til dømes frå vers 17. Det Sturla Brørs her seier trur eg karakteriserer Ivar som talar, med overraskande emnevalg, fengslende framstilling, og til dels vanskeleg tilgjengeleg tankestoff.

På Einabu, den garden far hans hadde kjøpt nedst i Folldalen, var det ein dåm av Edda-kvede og Davids-salmar og rabarbra. Så høgt over havet trivs ikkje alle slags prydbuskar, som kjent. Men rabarbraen, denne villige veksten som reiseagronom Jensenius førte med seg til syrleg lesking og barsk prydd for norske fjellbønder i 1860-åra, voks mannshøg på Einabu. Dei blønde, og fru Karen gjekk stilt rundt og strauk over blada og sa: *“Er her ikke tropisk?”* No ja, tropisk? Det var vel Karen sjøl, inspirert av Ivar som kunne lokke fram sola, så ho kunne dirre over eit sjeleleg ekvator. Dr. Rolv Thesen har meir å fortelje om akkurat det: Han var

nemleg lærar ved Eidsvoll landsgymnas den tida Ivar og Karen flytte dit, fordi yngste sonen – Vesle-Ivar, seinare sokneprest i Alvdal og prost i Nord-Østerdalen – skulle gå på gymnaset der. Ivar tok arbeid som religionslærar, og det hende han og Thesen underviste i klasserom vegg til vegg. I norsk-timane hende det ofte at Ivar vart henta inn for å synge stev og viser, eller seie fram *Dravmkvedet*, dette merkelege mellomalderdiktet om Olav Åsteson som la seg på julekvelden, sterkan svennen fekk; og vakna ikkje før trettandag jul, men da hadde han vore ned i jord og opp med sky, til helvete og til himmelen. “*Ivar var Olav Åsteson*”, skriv Thesen, ikkje las han og ikkje song han, han berre levde ut denne merkelege norske visjonen.

Ivar Mortensson må ha hatt ei nærast synsk evne til å leve seg inn i all gammal poesi, i folkeviser, i *Edda*-dikt og i *Bibelen*, i Homers *Odysseen*, ja endatil i det merkelege diktverket *Gilgamesj*, eit 4000 år gammalt babylonsk epos om helten Gilgamesj som fornærmar gudinna Ishtar. Han var ein Gilgamesj, ein Odyssevs, ein Odin, – han var kvardagsmenneske og profet, og det er det fascinerande spennet i Ivar Mortensson Egnunds originale personlegdom. På jorda og i himmelen samstundes.

Far min opplevde som sjuåring at Ivar heldt preike. Eg har snakka med folk som da var vaksne. Forstod ingenting, sa dei; fortalde utrulege eventyr frå preikestolen, sa far min. Eg nemnte sola. Thesen vart eingong invitert inn til Ivar som hadde religionstime. “*Og ein merkelegare religionstime har visseleg ikkje vore halden på denne jord*”, skriv

Thesen. Ivar tala om midnattssola. Han teikna tavla full av sirklar og spiralar og aspektar. “*Vi forstod lite av denne underlege blanding av astronomi og antroposofi. Men det var poetisk og morosamt.*”

At han aldri hadde mist “*ryssen*” i seg, kan enden på historia vitne om. Da timen var slutt la han kriteret frå seg, smilte og sa som sant: “*Ja, de skjønner, eg har aldri sett midnattssola eg*”. Men han hadde opplevd henne likevel, seier Thesen, fordi han hadde denne evna til å sjå det nære og det fjerne uavhengig av tid og stad. Nord-Norge eller Nord-Italia, midnattssola var med og spegla seg i hans lyse, truskyldige og opne barneblikk.

Ein fantast og ein lystløgnar? Ja, og nei. Iallfall ingen løgnhals. Den trugne venen hans, Ola Meyer Øyen, seier det slik: “*Ivar var det ærlegaste menneske eg har kjent*”.

Sola følgde han. Karen, kona hans, kunne fortelje om den gongen dei gjekk til Italia, bar ungane på ryggen og var unge. Stansa i ei grend langt av lei. Bøndene der hadde aldri sett slike før, visste lite, og opplysningstanken greip Ivar, som la ut for dei om mangt, ikkje minst om dette merkelege naturfenomenet her nord, midnattssola. Da han var ferdig og sjøl syntes han hadde gjort ei stort gjerning, såg ein tyrolar opp og sa, overberande: Midnattssol! Ja, ja, vi kallar no det månen vi! Så morosamt hadde dei ikkje hatt det på heile turen!

Men å forstå han var altså ikkje alltid så greitt. Eg har nemnt messa og far min, som alltid etterpå sa det var ei merkeleg preike. Han hugsa klokkeljomen og synet av den full-skjegga karen som fortalte dei finaste eventyr.

Eg vil nok tru at gutungen som hørte preika som eventyr fekk mest ut av messa. Alvdølene flest makta ikkje å følge Ivar, den kvelden. Det kunne kome av at *“han var en bondegut som studerte seg nedover til prest”*, som Ham-sun seier. Men ikkje berre det. Meir dette at han var ein vismann. Han gjorde ikkje sjøl stort strev med å bli forstått heller, for den saks skyld. Hulda Garborg kunne fortelje at ho hørte eit foredrag av han ein gong. Etterpå kom han bort til henne og spurte kva ho tykte. *“Eg veit ikkje eg”*, sa ho, *“eg skjøna så lite av det”*. *“Da måtte det vere godt”*, sa han blank av glede, *“når ikkje eingong du forstod det.”*

Kan hende var det sjølironi. Men det kunne like gjerne vere rein og truskyldig glede over det han sjøl hadde tenkt og formulert. At det trong tolk, veit me, men ikkje han. Han var inne i gåtene i tilværet. Han var original. Han gjorde seg ikkje original. Han var dessutan som eit barn, ordglad og heimekjær, og full av humor. Da han kom frå Bergen med kona si, Karen, ein solfin augustdag i 1894 gjekk dei innom Stadsbuøya i Folldal, fortel Ola Meyer Øyen: *“Vi dreiv med slåtten, skulle inn til dugurds. Da kom ein staut kar labbande. Han hadde kvit trøye, litt fillet, og knebukser. Professor Yngar Nielsens reisebeskrivelse bar han i baklokka. Frammed stod ei vakker jente. Eg har vore i Bergen og kjøpt tjurru, sa han. Og så fekk eg ei jente med på kjøpet. Og dette er kjer- ringa mi.”* Enda hadde dei 35 kilometer ned til Einabu. Dit ville han kome i solrenning og morgondogg. Og det gjorde dei. Da dei steig inn på jordet sette han i så Karen reint kvakk: *“Vælkømmen på Einabu grunn!”* Ei bryllaupsreise til fots var til endes med

den jubelhelsinga.

Kvar hadde han det frå? Tja, sei det? Skal ein alltid snakke om å ha det frå noen? Arv er iallfall ofte eit mangtydig begrep. Livet har så mange underlege kast, gudskjelov, tverrykk, oppturar og fall. Men far hans var òg på mange vis ein særmerkt kar. Han var tynseting. Som om ikkje det var nok drog han til Alvdal, kjøpte garden Øya, vart ord- førar og fekk mange tillitsverv i bygde- styret. Han fekk leiinga ved Folldal verk og bygde den nye smeltehytta på Plassen i Alvdal. Han møtte på Stor- tinget i fleire periodar, Morten Mor- tensson. Ein jordnær og praktisk idea- list med eit forunderleg godt minne, er det sagt. Han var fødd på Utgard i 1816 og skreiv ein sjølbioografi og i den fortel han om tida som gjetargut på Tynset. Han hadde alltid med seg ein liten hammar og slo på steinane for om råd å finne malm. Så vart òg son hans, Per eller Peder, fødd 1855, bergmann, sølvverksdirektør på Kongsberg, og sonesonen hans, Magne Mortensson, professor i bergverksdrift. Ivar, den andre sonen hans – ein som heitte Martin døydd – var òg leitar og finnar på sitt vis; søkte malmen i anna materi- ale, i menneskedjupet, for å seie det litt poetisk.

Ivar Mortensson var raud radikalar og framståande anarkist. Men likevel bonde. Det er forresten radikalt å vere bonde i Nord-Østerdalen. Det er dris- tig. Han skreiv ei bok om bonden, der han plasserer han rettsleg og kvardags- leg i ein positiv livsens samanheng. I si tid må boka ha vore eit føregangsverk. *Bondeskipnad i Norig i eldre tid* (1904) er ein slags ideologi for unge bønder som forstod at dei trong kunnskapar og

utdanning. Folkeopplysning, med andre ord. *“Vi veit mykje om kongar, hovdingar og storkultar”*, skriv Ivar her, *“men lite om jamne folk”*.

Ivar ville gjerne vere bonde attåt alt det andre. Men kanskje var han ikkje jordnær nok alltid. Far hans var av og til inne på tanken. Det rak så mye upraktisk folk på Einabu. Og særleg ein sommardag syntes gubben det gjekk for vidt, fortel Sven Moren, som var der nettopp da. Ein ser den arge gubben for seg. Han er på leiting etter ein skysskar som kan få kjørt mor til Karen, svigermor hans Ivar, til Alvdal stasjon. Men Ivar er oppteken med djupsindig konversasjon med Arne Garborg og kjem slett ikkje når gubben vil.

Da så Sven Moren tek på seg å skyss svigermor til Ivar, og skor gampen før han fer, ja så seier gubben: Anna slag til kar, du lell, enn denna tuftekallen som skal vera gardbrukar her. Og denna som held til oppi Kolbotn – Garborg altså – å jøje meg for mannfolk!

Ivar var ofte dristig og kunne opponere mot mektigare autoritetar enn far sin. Arne Garborg hadde rett når han seier om den unge Ivar Mortensson at *“han var upraktisk, godtruen, stundom tankelaus.”* Som soldat i Telemark protesterte han mot kadaverdisiplinen på Gråtenmoen og måtte for krigsrett i Kristiansand, tiltala etter to paragrafar i den militære straffelov og fekk 25 dagers isolert fengsel.

“Det einaste som redda meg frå å bli tullet var at eg vart luset.” Slik fekk den unge opprøraren tidsfordriv.

Ivar Mortensson Egnund var anarkist. Han trudde på mennesket som

sosialt og moralsk vesen. Ikkje noe sentralstyring ovafrå, men samarbeid mellom kvart enkelt individ. I praktisk politikk vil anarkistane arbeide for desentralisering og for å avskaffe samfunnsorganisasjonar som har makt og vald som grunnlag. Familie og grend er det eigentlege samfunnet, hevdar Ivar Mortensson. Han vil ha størst mogeleg fridom for enkeltmenneske, frie kyrkjer, frie skular. Han meinte at mennesket inni seg åtte solidaritetsskjensla, Guds naturlov, skriven i hjartet.

Sjòlsagt måtte ein slik kar vere farleg! I si tid. Kanskje ville mye av det han sa også i dag vere urovekkande, i det minste provoserande og irriterande for all maktelite.

Sven Moren fortel at det rakla ein mann rundt i Østerdalen og preika om *“Matløysa i Noreg”*. Østerdølene var vane med noe av kvart såleis, Bjørnson, Arvesen, Konow, Castberg, Wullum og mange andre politiske rabulistar hadde lenge pløgt desse bygdene, fortel Moren. Men lell vart folk reint handfalne der Mortensson hadde fare. Han ville snu opp-ned på alt, avsette kongen, embetsmennene, kyrkja, ekteskapet, eigedomsretten. Moren skildrar eit folkemøte på Øksna, sør i Østerdalen. Ein godseigar i diplomatfrakk tok til motmæle. Han fekk dette svaret frå rabulisten: *“Det er sant eg seier at den som dyrkar jord skal sjølv nyte fruktene av arbeidet sitt. Og den som bygger eit hus skal sjølv ha første retten til å bu i det. Godseigaren som har mange hus på gardane sine tykkjer dette er fælslige og farlege ord. Men kjære folk, det er ikkje mine ord, det er Herrens ord gjennom profeten Esaias.”*

Og her trur eg me er ved kjernen i Ivar Mortensson Egnunds radikalisme. Den sit i han frå barndomsheimen, knytt til djup, alvorleg religiøsitet hos mora, Anna Petronella, fødd Tangen på Tynset, og praktisk, jordnær haugianisme blanda med Jaabæks bondepolitikk hos faren. Det er artig å oppdage at mange av orda hans om desentralisering, om jordbruk og sjølberging, om matstell på eit balanseprinsipp, ja til og med det politiske storordet “*bærekraftig utvikling*”, altså moderne begrep, er å finne som tankegang hos Ivar Matlaus som han til tider kalla seg omkring 1880. Han ironiserer forresten over sin eigen idealisme i visa “*På ymse gjerdom*”, og medgir etter å ha skildra ungkarlivet, at det blir annleis med kjerring og ungar, som krev mat:

*Matlaus sit eg mang ein gong
um kvelden.*

*Men ein hugnad hev eg då,
når eg sit og tenkjer på
ved elden:*

*Dei skal sterke karar bli,
få det gott i allom ti,
eta smør og kjuke.
(kjuke=fersk ost)*

Så gjekk vel radikalismen over med åra? I 1932 spør ein journalist den aldrande vismannen på Einabu, ikkje fullt så rabulistisk kanskje, trur spørjaren: “Og anarkisten Ivar Mortensson Egnund – lever han ennu? Ja, det er sikkert, det er mye igjen av ham. Dette med at flertallet skal rå har aldri vært noe for mig, men læren om frie sammenslutninger av dem som er knyttet sammen i fellesinteresser, åndelig og økonomisk, det er idealet. Kra-

potkin, den store anarkist, satte jeg høit... Jeg har lært”, står det i intervjuet i eit språk som Ivar snautt nok ville vedkjenne seg, “... at en må gå inn i sig selv, finne sig selv, – og komme ut igjen fri. En må ha noe å tøye sig efter i høgda så en ikke går i ring.”

(Østerdølen, Tynset, 23. desember 1932.)

Min påstand er at Ivar Mortensson hadde eit totalsyn, derfor vart han ikkje anarkist, han var det på sitt vis alltid, han vart ikkje frelst antroposof, han var det (seier han sjøl), lenge før han vart kjent med Rudolf Steiners tankar. Han allierte seg med fritenkjarane fordi Jesus var fritenkjar, som han seier det. Det er nærast logisk konsekvens i mangfeldet. Derfor kunne og den radikale anarkisten helse Kong Haakon i 1905 frå dølom slik:

*Her framand hovding
hev heimvist fengi.*

*Ukjend mann
hev audkjend vorti.*

*“Alt for Norig”
eit ord du sae.*

*Me hugheilt handi
til helsing gjev deg.*

Så seier han det sjøl òg, for eksempel i diktet “*Ei levande bru*”:

Kva eg helst vilde vere?

*Ei levande bru,
som batt ihop forntid og framtid.*

Med tilskuv frå Ivar, og med hans namneforslag i botnen, vart Lille Elvedalen ved kongeleg resolusjon den 3. november 1917 til Alvdal. Det var her han kom til verda, fødd i ein opplyst heim, der menneska levde naturleg

og lykkeleg, slik Hulda Garborg skriv det. Men berre 11 år gammal kom Ivar på skule i Kristiania, far hans vart stortingsmann ved dei tider. Han kjente seg ille ved, slik han uttrykker det i eit dikt:

*Eg tykte meg stuslegt på strætom å svive,
med' gutane garta med møyom.
Eg tykte meir ljuvlegt i dalane drive
der elevene leika kring øyom.*

Det var kanskje ikkje så liketil å vere østerdøl i byen, eller andre stader for den saks skyld. Han skriv i eit stykke i den leseboka tenkt til "heimelesnad og skulebruk" som han og Arne Garborg gav ut: "Sume tider eg fór ikring med skrep-pa på rygg og kom noko vest i bygdene, og folk spurde "Kvar den karen var frå" og eg svara som sant er at eg var frå Østerdalen, so stod folk berre og glåpte. Det ber vel inn i Sverige det er det von? sagde sume. Er det der dei legg smør på ost og byter ut brødet, og et rjomegraut til kvar sundag og hev så mykje skog at dei ikkje ser himmelen? sa andre. Ja so, du er frå Australien du, sagde ein vestlending til meg, men du ser då mest ut som andre folk, du; eg tenkte det berre var svart der, eg. Han kjende Australia, han, men Østerdalen visste han ikkje dusti om."

Heime, i feriane, var han frikar, han og Per, bror hans, fór i fjellet, og voks seg på ein måte inn i norsk natur, kanskje kan ein endatil seie norsk lynne, i norsk verkelegheit. Inn i kvardagen. I 1875 fekk han latinartium med laud, studerte teologi, men hadde verken lyst eller stunder til å vere prest. Det var først i januar i 1909 at den 53-år gamle kandidaten les til eksamen og tok praktikum. Den 9. juli same året vart han vigd til prest, og så styrte han

presteembete i Gausdal, i Oslo og i Telemark til han i 1914 vart utnemnt til soknepresten i Løten, der dei likte ille å få ein målprest.

Men han vart svært godt likt med åra, og da han i pinsehelga i 1919 heldt avskilspreika si, hadde hedemarkingane tatt han til sitt bryst, enda så uvanleg han var. Han fekk nok merke det, saktens, at han var ein original forkynnar. Hulda Garborg skriv i dagboka si frå 14.12.1912 at ho har hatt brev frå Karen Mortensson. "Hun liker ikke å være prestekone der oppe i Fyresdal. Pietismen vår. En av dem sa til Ivar: Me skynar ikkje presten, og det me skynar er me ikkje einige i!"

Men original heldt han fram med å vere som prest, og han gav ut ei samling preiker i 1915 som han kalla *Sundagstankar*. Ein merkverdig bergpreikar som i avskjedsorda til hedemarkingane er både streng og vonfull. Dei hadde vel ikkje rett forstått han, så djupt hadde han ferdas i mysteria og i naturen, som lærd mystikar. Åndene budde der, trudde han. Og da han selte noe av Einabu-skogen til uthogst, selte på rot, og skogen vart skamhoggen, opplevde han det som om han var komen på kant med skogåndene.

I praksis var han nok ingen bonde, men inderleg jordbunden likevel. Det er han òg i diktinga si. Høgt over jorda, og likevel på henne. Han gav ut første diktboka si på Tynset i 1889, *På ymse Gjerdom. Songane aat Savalguten*. Her er *Østerdalsmarsjen* med, optimistisk, revolusjonær, dikta i 1883, slik at konservative Hamar Stiftstidende reint trudde revolusjonen i bokstavleg forstand breidde seg opp Østerdalen med hurtigogs fart. "Sangen forudsætter at vår fri-

hed trues”. Det var Ivar og Per, Mortenskarane, som distribuerte son-gen på originalt vis ein gong dei reiste heimetter med toget frå Kristiania. I Børshagen hadde dei skore med seg kvistar, så bretta dei saman songen som var trykt arkvis, skar ei kløft i eine ende på kvisten og sette songen fast og kasta han som piler ut av togglaset når dei passerte folk.

Det er kraft i songen, patriotisme, i meste laget etter vår tids smak.

Fram østerdøler, fram
me vil utan skam
verje gamal god fedra-jord.
Vel trengs det manndomsverk,
mot og handa sterk, skal me vera fritt
folk i nord.
Ligg det nokon lurer, vil oss hava fatt,
me skal slå deg, so du skal 'kje koma att.
Me skal deg lova trygt,
du skal sjå d'er dygd
båd' i by og bygd.
(*Eller:norske gutar)*

Temmeleg ordstort, men friskt og freidig, slik det òg er i ”*Døla-visa*”, der “*Flaumen går, i Norig er vår ... og ... dølann' er det som vår.*”

Han skriv seinare sitt eige draumkvede, *Or duldo* (1895); han skriv om beste venen sin, Arne Garborg. Han skriv Svall der han på ein glitrande måte både fortel og kåserer, ikkje minst med overdådig humør om seg sjøl, om stua si Nordpolen nordvest i Savalen og om Kristianialitteraten, som han full av ert kallar Garborg.

Mot på livet, ja det fans inni Ivar Mortensson. Men tru ikkje dermed at diktarlivet bare var lysteleg. Han fekk motbør som forfattar. Sogespel *Varg i*

Veum vart godt mottatt og fekk ros for dramatisk kraft, medan *Hugleik* med emne frå 1200-talet ikkje fall i smak. I *Skogtroll* er det hemnen over den uthogne skogen Ivar Mortensson tek opp. I *Frikar* frå 1905 er det ein ungar som etter endelause spekulasjonar omsider finn heimatt til barndomskjærasten. For å gjere det stutt må me vel kunne seie at dikteren Ivar Mortensson Egnund neppe kunne bli bestseljar.

Men mennesket må ha vore make-laust rart, positivt sagt. Og tenkjaren er interessant og original. Alle dei uventa rykk i resonnementet gir Ivar Mortensson Egnund dimensjonar. Og så må me ikkje gløemme at det går linjer frå frå ryssen i Alvdal via frikaren Savalguten – ein skikkeleg freaker – til anarkisten og til vismannen på Einabu, der han brått døde 16. februar 1934. Han var eit re-teleg menneske fordi han var himmelstormar og jordstrevar samtidig.


Han vart miskjent som diktar, slik dei fleste blir som ikkje blindt følgjer tidsstraumen. Og det gjorde han ikkje. Det kunne han ikkje, han var ingen etterplaprar. Han prøvde ikkje å gjere seg til vens med den tids leiande kritikarar, og var ikkje villig til å smiske, verken til venstre eller høgre.

Han var visstnok ein talar med visjonært biletspråk, og såleis både medrivande og vanskeleg å følgje. Han var samtig ein stor humorist og ein slentrande og ledig journalist, med uredd, nærast dumdristig penn.

Det gode vinn, sa han. Det oppsummerer den styrken Ivar Mortensson Egnund la i botn for si tru. Slik vann han, også på mismotet. Og derfor kunne Hulda Garborg skrive, i minnediktet sitt:

*Andre trøytna, aldri du
di sterke tru
vann på tvilens ørnklo
og skapte songen i ditt blod.*

Ola Jonsmoen
Sivildalen
2560 Alvdal
ola.jonsmoen@fjellnett.no



Karen og Ivar Mortensson Egnund, desse to bilda frå velmaktsdagane heng i Einaly, saman med bilder av Hulda og Arne Garborg.